

Ny jazzkveld på Dønhaug neste laurdag, 15. september.

07.09.2018



Torunn Eriksen og Kjetil Dalland i Dønhaugkjedlaren neste laurdag, 15. september.

Laurdag 15. september får Husnes Jazzklubb besøk av jazzmusikaren, komponisten og vokalisten Torun Eriksen. Saman med makker og bassist Kjetil Dalland utfaldar ho seg i intimformatet, med eit kompromisslaust nedstrippa lydbilete.

Berre to år etter at Torun Eriksen sitt kritikaroste album «Grand White Silk» kom ut, er ho klar for å presentera sitt sjette soloalbum, «Luxury and Waste», som vert sleppt 7. september. Her har ho og bassist Dalland fokusert på å nå heilt inn til kjernen av låtane. Resultatet er blitt rå og upolert musikk, der lyttarane blir inviterte tettare på enn nokon gong.

I ei pressemelding skriv Torun Eriksen at dei denne gongen ville prøva å skrella alt ned til beinet for å få fram essensen i det ho ynskjer å formidla. Resultatet er mellom anna åtte nyskrivne songar der melodi og tekst berre får følgje av hennar eiga stemme, Dalland sine bastonar og innslag av tangentar. Resultatet har blitt låtar med fokus på melodiar og tekstar som går frå svale, svevande stemningar til meir fartsfylte, drivande parti. Musikken går på tvers av sjangrar, og ein finn jazz, pop, soul, vise, blues og gospel i mange og uventa kombinasjonar.

Tysnesingen Kjetil Dalland, som i si tid gjekk på musikklinja på Stord, er heller ingen kven som helst. Han har akkompagnert store namn som Mari Boine, Bertine Zetlitz, Kurt Nilsen, Lene Marlin og Anneli Drecker, og han er no fast bassist i Vamp. Duoen møttest ein gong på 90-talet, og starta det som seinare danna grunnlaget for Eriksen sin særeigne musikalske katalog. No lyftar dei fram og utforskar dette unike samarbeidet både på plate og live.

Publikum kan venta ein kveld utanom det vanlege i Dønhaugkjedlaren neste laurdag. Meir informasjon kjem på Uskedalen.no i forkant av konserten.

Tekst: Jarle Mehammer

Foto: Kaja Bruskeland

Nett: Kristian Bringedal